

Dato:

Retten til fritak for forbruksavgift

Alle verksemdar som har rett til fritak for forbruksavgift skal årleg senda dokumentasjon til sitt nettselskap om dette. Skatteetaten utfører kontroll med nettselskapet om at det føreligg slik dokumentasjon. Forbruksavgifta i 2024 er 9,51 øre/kWh ekskl. mva. for månadane januar til mars, og 16,44 øre/kWh ekskl. mva. resten av året.

Det er Dykkar ansvar som nettkunde å dokumentera retten til fritak for avgift. Vedlagt følgjer eit skjema som i utfylt stand vil tilfredstilla ein slik dokumentasjon. Vi ber Dykk difor fylla ut skjemaet og returnera det til oss snarast råd. I mangel av slik dokumentasjon er vi pålagt å avrekna abonnementet med full avgiftssats. Skjema kan sendast på epost til kundeservice@kvamenerginett.no, eller via post.

Retten til fritak for avgift har veksthusnæringa som nyttar elektrisk kraft til oppvarming. Vidare er det fritak for kraft i direkte tilknytning til kraftproduksjonsanlegg og levering av kraft direkte til sluttbrukar frå produksjon i mikrokraftanlegg eller energigjenvinningsanlegg.

Hjå oss er Dykkar verksemd registrert i næringskode som gjev rett til fritak for forbruksavgift. Koden framgår av svarskjemaet, og er henta frå Enhetsregisteret i Brønnøysund. Nærare informasjon om avgiftssatsar og retningslinjer om fritak for avgift, finn De på www.skatteetaten.no/Bedrift-og-organisasjon/avgifter/elektrisk-kraft/.

Her framgår det mellom anna at fritak for avgift er avgrensa til produksjonslokaler. Eigne bygg der 80% av arealet eller meir er knytta til administrasjon skal det betalast full avgift for. Dersom det på same abonnementsmålar er lokaler som ikkje har rett til fritak for avgift, slike som bustader, administrasjonsbygg, fjernlager, utsal m.v., skal desse betalast full avgift for. På vedlagte skjema skal det førast opp kor stor prosentdel av forbruket som skal ha fritak. Det bør monterast eigen målar på anlegg med ulik avgiftssats.

Med helsing
KVAM ENERGI NETT AS
Kundeservice

.....
Ronny Bakke-Byrkjeland

KVAM ENERGI NETT AS
Postboks 64
5601 Norheimsund

SVARSKJEMA

Følgjande anlegg er innanfor næringskode som gjev rett til fritak for forbruksavgift:

Kunde :
Føretaksnr:
Målepunkt ID:
Anlegg:
Målarnr:
Næringskode:
Tilleggskode:

Fyll inn svar på spørsmåla under etter kva som passar for anlegget.

Er det anna verksemd tilkopla denne målaren som ikkje har rett til fritak for avgift? (set kryss)

Nei Ved nei: Avslutt her.

Ja Ved ja: Kva type verksemd/lokale:

Ved ja: Kor stor del av straumforbruket skal ha fritak for avgift? _____%
Anlegget er registrert med 100 % fritak for avgift i dag.

Skjemaet må fyllast ut og returnerast til KVAM ENERGI NETT AS snarast.

Ved eventuelle framtidige endringar som har verknad på avgiftssatsen, er De som nettkunde ansvarleg for å melda dette til oss som netteigar.

Underteikna stadfestar at overnemnde anlegg har rett til fritak forbruksavgift som oppgitt.

Dato: _____

Namn på ansvarleg person: _____

Underskrift: _____